

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[**818**] N-21447. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 41 1990b: 11, [35]; Ertl 1994: 338; Knirk 1998: 504; Seim 1999: 149 ff, 349.) Innskrifta står på eit 108 mm langt runekjevle av tre med tverrsnitt 13 x 9 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FL, i delfase 12 dvs. hovudfase 10–12, som litt upresist må daterast til 1300-1400-talet. Det *kan* vera så ungt som siste kvartal av 1400-talet. Kjevlet har runer på ei side. Før innskrifta er det prikka inn ein krossliknande konfigurasjon. Innskrifta er 70 mm lang og runene frå 9 til 12 mm høge. R. 2 er skadd i nedre delen. Den nedre bogen blir borte idet han tek til å svinga inn mot staven. R. 3 er forma som høg **s**. Punkteringa av r. 4, 5, 7 og 14 let seg greitt lesa ved mikroskopering. Bogen på r. 16, **r**, er lukka, og kvisten går frå bogen eit stykke ut frå staven. R. 18 har ikkje punktering i nedre ende.

† B h † † † † \* † † † † † † † B † R † † † † †

**a b c d e f g h i k l m n o p k r s t u**

*abcdefghijklmnopqrstu*

Vi har altså her å gjera med eit runealfabet i eigentleg forstand. Runeteikna er sette opp i samsvar med rekkjefølgda i det latinske alfabetet. Teikn for vokalane /y/, /æ/ og /ø/ vantar, og alfabetet har heller ikkje teikn for stemd og ustemd dental spirant /p/ og /ð/. Også teikn for <z> i det latinske alfabetet manglar. Det er elles ingen uregelmessige plasseringar av teikna i høve til den latinske måten å organisera bokstavane på.

Når det gjeld teiknbruken er det grunn til å merka seg at latinsk <c> og <s> er markerte med ulike runer, lang og kort **s**, medan <k> og <q> er representerte med same teikn. Punkterte runer er elles nytta for /d/, /g/ og /p/. Det høver godt saman med ei sein datering, slik dei arkeologiske funnomstenda tilseier.

Runerekkjer som er sette opp i samsvar med rekkjefølgda i det latinske alfabetet, er det ikkje så mange av i det norske funnmaterialet. Men frå Bryggen i Bergen er det i alle fall kjent eitt slikt alfabet, rett nok delvis defekt (Seim 1982: 182). Utanom det finst det to frå andre kantar av landet, N539 og N547. Den første av desse er utan sikker datering og truleg frå Helgeland, den andre er frå ukjend stad og truleg ikkje eldre enn frå 1400-talet. Også frå Bornholm (DR 396) og i seinare islandske handskrifter er det

bevart runeinnskifter med tilsvarane alfabet. Urnespinnen (N338) har fupork-en side om side med det latinske minuskelalfabetet. Både N539 og 547 har med runeteikn for nordiske omlydsvokalar i sine alfabet. N539 har ᚠ, truleg for /ø/ og truleg ᚡ for /y/ og dessutan runeteiknet for dental spirant: ᚢ (**þ**). N547 har ᚡ for /y/, ᚠ truleg for /ø/ og ᚠ for /æ/. Den danske innskifta DR 396 har med teiknet ᚢ på same måte son N539.

Innskifta her vantar altså runeteikna for det spesifikt nordiske foneminventaret. Ho synest å vera så ung at behovet for eige teikn for stemd/ustemd dental spirant ikkje har vore til stades. Det forklarar likevel ikkje fråveret av runer for omlydsvokalane. Men denne alfabetinnskifta med runer blir, med unnatak av teikn for <z>, komplett om vi ser det slik at ho er laga for innskifter på latin. Latinske innskifter har vi fleire av, både i trondheimsmaterialet og elles. Det synest difor meir rimeleg å sjå denne alfabetinnskifta i ein slik samanheng enn å sjå henne som eit mangelfullt alfabet for skrift på norrønt mål.